



I 1970 gjekk Kjellaug Hella som no også heiter Myklebust 1/2 år på Bergen Kommunale Husmorskole. I helga er ho vert heime i Beinavikjo for 4 skulekameratar og mennene deira. For sjølv om det er 41 år sidan skuledagane er banda mellom elevane tydelegvis sterke framleis.

Etter ei synfaring på Flatholm med særleg konsentrasjon om badehuset fortel dei uskedalen.no at dei har møttest annankvar månad i alle år. Men det er første gongen det skjer i Uskedalen. Dei har også ein spesiell klubb - Husmorklubben.

Klassa på skulen hadde rundt 40 elevar og den gongen gjekk dei også laurdagar på skulen. Naturleg nok blir ddet mykje mimring når dei møtast att, men god mat og godt drikke høyrer også med.

På biletet utanfor Uskedalen Brygge sit frå venstre Eli Haugstad, Kjellaug Hella Myklebust, Norunn K. Helland, Erna Mathisen og Lisbeth Nilsen. Bortsett frå Kjellaug bur alle i Bergensområdet.

Foto: Ola Matti Mathisen